

Eitt års utsetjing for Aktivitetshuset?

04.10.2007



Aktivitetshuset er enno ikkje ferdig, men spelemidlane blir neppe dregne inn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hordaland fylkeskommune har no skreve til Uskedal Aktivitetshus og truga med at spelemidlane som er tildelt vil bli drege inn dersom det ikkje ligg føre revidert rekneskap og ferdigattest innan 20. november – det vil seie om seks veker.

Aktivitetshuset har 3.516.000 kroner i spelemidlar til gode.

Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld minnar om at innvilga stønad fortrinnsvis skal nyttast i tildelingsåret, som var 2004/2005, og at pengar som ikkje er nytta innan to år etter innvilginga blir drege inn.

Erlend Moen i styret for Aktivitetshuset gjev uskedalen.no denne kommentaren:

- Dette er ein "formalitet" på grunn av at garderobeanlegget i huset enno ikkje er ferdigstilt. Vi har allereie teke aksjon på dette og kommunen søkjer om ei utsetjing på eitt år.

Dette blir begrunna med at vi – som alle andre som treng handverkarar – slit med å få tak i folk. Vi har midlane på plass, men ventar på fagfolka som skal ta seg av det praktiske. Men vi reknar med at arbeidet vil koma i gang om ein månads tid.

Av Ola Matti Mathisen